

## **2. Universell utforming**

Anlegget ligg på ein flat grasplen like ved Radøy ungdomsskule, Radøyhallen og Radøy ungdomsklubb. Det er mogleg å koma heilt bort til plenen ved bruk av rullestol. Det vil vera flatt fallunderlag i gummi under balanselina.

## **3. Skildring av arkitektur, estetikk og miljøtilhøve**

Balanselina er plassert på eit grøntområde mellom skulen, Radøyhallen og ungdomsklubben. Det vil verta plassert ut benkar ved lina, slik at dette vert ein naturleg samlingsplass. Ein vil velja fargar på gummiunderlaget som passar i omgjevnadene.

## **4. Anlegget sin plass i kommunal plan**

Det konkrete anlegget er ikkje med i handlingsplanen, men det er nemnd i planen at det er ynskjeleg med fleire aktivitetsanlegg i nærliken av skulane.

## **5. Behovsoppgåve**

Anlegget ligg midt i eit området der det er mange elevar i skuletida. På ettermiddag kveld er det mange personar i området, på veg til sørjing eller trening i Radøyhallen, i ungdomsklubben, på trening på fotballbana i Grønålen eller folk som skal på biblioteket. Det planlagde tiltaket ligg midt i dette området, og vil såleis liggja lett tilgjengeleg for dei som vil øva på å balansera eller som berre vil prøva i det dei passerer. Det er ikkje nokon liknande anlegg i Radøy kommune.

## **6. Kostnadsoverslag**

|               |                  |
|---------------|------------------|
| Grunnarbeid   | 15 000 kr        |
| Underlag      | 15 000 kr        |
| Balanseline   | 26 000 kr        |
| <b>Totalt</b> | <b>56 000 kr</b> |

## **7. Finansieringsplan**

|                       |                  |
|-----------------------|------------------|
| Spelemidlar           | 28 000 kr        |
| Eigenkapital/-innsats | 28 000 kr        |
| <b>Totalt</b>         | <b>56 000 kr</b> |

Radøy kommune vil stå som ansvarleg for tilsyn og drift med balanselina.